

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 15.04.2015

### Orienteringar

- Oddmund Sylte orienterte om fylgjande nytt frå Skyss
- Det vart synt ein ny film om kollektivstrategien som vert lagt ut på sosiale medier og på Skyss og HFK sine nettsider.
- Kvanndal-Utne –Kinsarvik. Det har vore møte med Ullensvang herad om ruteopplegget mellom Kinsarvik og Utne, og det er sendt forslag til nye ruter til heradet. Ein kjem attende til utvalet med eiga sak.
- Rutehefte vert fjerna frå bussane i Bergen frå og med sommarrutene i 2015. Saka har vore teke opp med Fylkeseldrerådet.
- Biogasshybridbussane,- orientering om utsleppsmålingar samt om drifta av bussane. Ein har dispensasjon til drift på linje 2 og 9. Drifta skal evaluerast før eventuell kan bli aktuelt med drift på andre liner.

### Ymse

**Atle Kvåle** stilte spørsmål om det hadde vore teke kontakt med Rogaland fylkeskommune i saka om nedleggjing av snøggåtruta til Ølen.

Frå administrasjonen vart det opplyst at det var sendt brev til Rogaland fylkeskommune.

**Stein Inge Ryssdal** stilte spørsmål om kva som var gjort med høyringa om ny organisering av bompengeselskapa.

Håkon Rasmussen opplyste om at departementet har gjeve utsett høyringsfrist, samt at det hadde vore eit telefonmøte mellom fylkesordførarane om korleis ein skulle stilla seg til saka. Konklusjonen på det var at fylkeskommunane frå Sogn og Fjordane til og med Aust Agder legg opp til å gå saman om eitt felles bompengeselskap og at det vert lagt fram sak om dette til neste Fuv.

**Gustav Bahus** orienterte om presentasjonen av nytt vegselskap og delte ut materiell om dette.

**Gustav Bahus** orienterte om saker som var opp på Trygg Trafikk sin årskonferanse.

**Gustav Bahus** orienterte frå konferansen om Stortingsmeldinga om nye oppgåver til større kommunar.

### Avslutning for samferdselsutvalet

Det vart bestemt å ta eit møte over to dagar 30. september og 1. oktober for å markera avslutninga for denne valperioden. Administrasjonen vil i samråd med leiaren laga forslag til program.